

DEL 3:



Du stansa strikkinga etter rad 56 i diagrammet, ikkje sant?

Før du byrjar på rad 57; snu arbeidet og strikk vrangt i svart (A) tilbake til førre maskemarkør.

Snu på ny og strikk glattstrikk slik at du har 10 pinnar glattstrikk i svart (A) langs $\frac{1}{4}$ av arbeidet, fell av denne raden med svart.

Legg så opp same masketalet du felte av, og byrje strikke rundt på ny:

2 omg raudt (B) omg 57) og 58) i diagram A, slik at det no er ei opning i arbeidet langs den eine sida, der det no kjem ei holrad til knapphol **før** du byrjar på diagram B.

Strikk slik:

1 omg raudt (B) med ei holrad langs den nye oppleggsraden:

20m r // kast, 2m sm, 6m // gjenta; dei 20 siste m før neste maskemarkør vert også strikka r utan hol, fortsett omg som vanleg.

Deretter 2 omg til med raudt (B).

Herifrå strikkar du rundstrikk etter diagram B med felling i staden for auking, som til raglan.

Fellinga frå kvar maskemarkør:

1. omg med felling: Str 1m r, 2m sm, strikk fram til 3m før neste markør, str 1m r, løft 1m laust av, 1m r, trekk den lause m over den r, 1m r osv. ut omg

2. omg utan felling.


Fortsett med denne fellinga ut resten av arbeidet.

Diagram B syner mønsteret til bakstykket. Byt til kortare rundpinne når det kjennest rett og til slutt settpinnane igjen og strikk til det er 5m att.

MRK! Diagram B byrjar etter dei 2 raude (B) omgangane med holrada!

Ein dag no kan du gjerne kjøpe ei innerpute str 50 x 50 cm og ta fram synål og heklenål til avsluttinga i siste del. Håpar strikkinga har gått greitt?

Diagram B: (Du byrjar nedanifrå og jobbar deg oppover diagrammet)



Designed with Stitch Fiddle
www.StitchFiddle.com

MRK! Frå og med omg 58 i diagrammet, strikkar du resten av puta med raudt (B), hald fram med fellinga. Når det er ca. 5-7m att i omg,; klypp av tråden med ca. 15 cm lang ende, dra den gjennom alle m utan å strikke eller felle meir, og stram til så holet lukkar seg.